



Matematikk 1 for 1.-7. årssteg



Vidareutdanningstilbudet er retta mot lærarar som har lite eller ingen matematikk i si tidlegare utdanning, og tilsvarar Matematikk 1 i grunnskulelærarutdanninga for 1.-7. klassesteg. Studiet er ein del av "Kompetanse for kvalitet", Kunnskapsdepartementet sitt program for vidareutdanning av lærarar. 26.-27.aug. (ons-tor) 14.-15.okt. (ons-tor) 06.-07.jan. (ons-tor) 17.-18.mar. (ons-tor)

Studieinnhald

Gjennom studiet skal studenten tileigne seg eit didaktisk og fagleg grunnlag for å kunne planlegge, organisere, tilpasse, gjennomføre og evaluere ulike læreprossar i matematikk for elevar på 1.-7. steg. Studenten skal få kompetanse til å undervise matematikk i dagens skule, samstundes som han skal kunne vere med å utvikle og forme matematikkfaget i framtida. Faglege tema i studiet er mellom anna tallære, algebra, statistikk, sannsyn, geometri, måling og funksjonsomgrepet. Didaktiske tema er mellom anna læringsteoriar i matematikk, arbeidsmåtar og metodar i klasserommet, begynnarpplæring, matematikkvanskar, vurdering og bruk av IKT i matematikk.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Studiet er nettbasert med to obligatoriske samlingar i Volda kvart semester. Nettleksjonar vert normalt lagt ut i Canvas og Adobe Connect vert nytta til eventuelle nettsamlingar. Studenten må ha tilgang til datamaskin med internett (av god kvalitet), nødvendig programvare og utstyr som webkamera, headset og mikrofon. Begge emna i studiet har arbeidskrav som må vere godkjende for å kunne gå opp til eksamen.

Aktuelle yrke og vidare studium

Studiepoeng / lengd: 30 / 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Fullført lærarutdanning

Søknadsfrist: 01. mars i
Kompetanse for kvalitet

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om
opptak Studentsørvis 70 07 50 18
studentsorvis@hivolda.no